

Treff for vaksne

Bømlo Frivilligsentral skal fredag ha treff for vaksne på Røde kors-huset, sjå annonse i dagens avis.

Tidlegare heitte dette «Treff for enslige», men me ønskjer at det skal vera ein møteplass for alle vaksne og har difor bytta namn, skriv Anne Johannessen i ei lita melding.

Her er det enkel servering og

ein god drøs som er hovudtingen.

Nokre gonger har me nokre som spelar og syng og nokre gonger har dei reist på revy og liknande i lag.

Dette er ein plass for å bygge nye nettverk og finne seg nye vener. Håpar dette høyrerest koseleg ut og at du åleine eller saman med fleire vil ta deg ein tur.

Ny leiar for Kystsogevekene

Kjell Magnus Økland frå Tysnes er tilsett som ny leiar for Stiftinga Kystsogevekene. Han er oppvaksen i ein sjømannsheim på Tysnes og har brei røynsle frå kulturarbeid.

Økland har mellom anna gitt ut boka om nasjonalbåten oselvaren. Det var også han som skreiv nominasjonsframlegget som fekk bygging og bruk av oselvaren inn på Unesco si kulturarvliste i desember, heiter det i ei pressemelding frå stiftinga.

Kystsogevekene vart etablerte etter ini-

tiativ frå Ragnhild Randal. Dei første gjekk av stabelen i 1997. Kystsogevekene går føre seg i august og september og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland, Gulen kommune og Hordaland fylkeskommune. Kystsogevekene er sett saman av dagar der folk møtest og deler gode opplevingar: Båtturar, aktivitetar, konsertar, foredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar. Ei stor gruppe lokale eldsjeler står bak arrangementa i dei ulike kommunane.

Karl Seglem kjem til Moster

Karl Seglem er ein av våre fremste tenorsaxofonistar og bukkehornblåsarar. Han har ein rikholdig produksjon som komponist og har og gitt ut to poesisamlingar, heiter det i ei pressemelding. 3. februar kjem han til Moster. Seglem vert rekna som ein institusjon i norsk musikk-liv og har utvikla eit sterkt personleg uttrykk der jazzimprovisasjon og norsk folkemusikk møtes i ulike besetningar. Karl Seglem er tildelt Buddyprisen - norsk jazz høgaste utmerking! Etter suksessrik mottaking av det nye albumet, Nordic Balm, både i Tyskland og Japan, er kvartetten klar for lanserings-

turnè i Norge. Slepddato i Skandinavia er 20. januar og du kan oppleve dei i Amfisa-len berre 14 dagar etterpå. På konserten vil dei framføra i hovudsak musikk frå det nye albumet i tillegg til stoff frå Norskjazz



Pressefoto.

(2009) og Nyesongar (2013). Musikanerane han har med seg er Andreas Ulvo på flygel, Sigurd Hole på kontrabass og Jonas H. Sjøvåg på trommer.



Grethe Kallevåg og Målfrid Tjordan Stautland roser konserten opp i skyene. – Dette var veldig kjekt.

pir. Det vart opplyst at toalettet vart levert med tank på 30 liter, og sjølv sagt måtte dirigent Høyland prøvesitte toalettet. Publikum lo godt av dette.

Flott musikk

Det viktigaste på nyttårskonserter er likevel sjølv sagt den gode musikken. Janitsjaren hadde med seg dyktige solistar, både frå eigne rekkjer og utanfrå. Ingrid L. Eng og Anna Birgitte Solberg Høyland spelte til dømes flott på «Song from a Secret Garden». Hans Gunnar Skreslett spelte nydeleg på «Peace, Please», og Anette Solstrand var fabelaktig som and på «Ankan og hackspetten». Ho fekk då også ei lys levande and i gåve som takk. Solstrand sa at ho var glad for at denne anda la egg, så slapp ho.

Glitrande Gunnarsjaa

Jannicke Gjerdevik spelte flott opp som trommesolist på «Concerto for Drum

Set and Concert Band». Eit av dei store høgdepunkta var då songsolist Sigrid Gunnarsjaa song «Gje meg handa di ven». Det var nydeleg vakkert å høyre, og fint akkompagnert av janitsjaren. Eit anna høgdepunkt var janitsjaren si eldfulle framføring av «Ritual Fire Dance». Her spelte orkesteret glitrande.

Det var eit variert program som vart servert i år. Det vart spelt «Valdresmarsj», «On my own» frå Les Misérables, «Midnight Sleighride» frå Troika, «Calle Schewens vals» og «Slavisk dans nr. 8» av Dvorak. Konserten vart tradisjonen tru avslutta med «Champagner-galopp» og «Radetzky March». Etter ståande applaus serverte janitsjaren ein feiande flott reprise på opningsnummeret «Valdresmarsj». Dei publikumarane Bømlo-nytt snakka med etter konserten var storfornegete.

– Veldig, veldig kjekt, seier Grethe Kallevåg til Bømlo-nytt.

Atle Hansen klar med nye viser

Forfattar og visesongar Atle Hansen frå Stord, er no klar med musikkutgjevinga «Resonator EP». Her finn publikum fire viser med tekst og musikk frå Hansen, framført av låtskrivaren sjølv på resonatorgitar (dobro) og song. Songane er spelt inn på Stord, hos Gisle Østrem.

Hansen har på tidlegare musikkutgjevingar brukt fullt band. No er det eit ope og nake lydbilete som vert presentert.

– «Resonator Ep» er klassisk visesong for stemme og gitar, skriv Hansen i ei pressemelding. Der går det fram at han vil gje ut tre fleire EP-ar i løpet av 2017, alle innan ulike sjangrar, frå akustisk country, via rock og blues.

– Når dei fire digitale EP-ane mine er ute, er det meininga å samla dei til eitt album, gjeve ut på cd og vinyl, opplyser Hansen i pressemeldinga.

Hansen, som vaks opp på Moster, har fleire musikkutgjevingar bak seg frå før. EP-en «Trøysteslause hotell» kom i 1986, så albuma «Blå måne» og «Mast utan skip» i høvesvis 1995 og 2004 før singelen sist «Jentene i Sunnhordland (Med kamel til Samarkand/Gammal saman med deg».

Hansen er elles kjend som forfattar med 13 barnebøker og fire vaksenromanar bak seg. I haust kjem barneboka «Apetryne» ut. Han har også vore journalist i lokalavisa på Stord, frå 1987 til 2016.



Atle Hansen er tilbake med ny musikkutgjeving. Fire låtar, ein mann, ei stemme og ein resonansgitar. Foto: Nils-Tore Sele